



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Anbod regionale flyruter frå 1. april 2012 - innspel

Vi viser til brev av 29.6.2010 og høyringsmøte den 7.9.2010. Sogn regionråd som er samansett av kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal og Vik, drøfta saka i møtet 10.9.2010 og har følgjande innspel til utforming av anbodet:

Det er dei siste åra investert i teknisk innflygingsutstyr og tryggleik på Sogndal lufthamn Haukåsen. Dette har betra regulariteten og dei reisande har fått eit betre tilbod. Sogndal lufthamn har hatt ei svært positiv utvikling over fleire år, og det er setekapasiteten som avgrensar vidare trafikkvekst for Sogndal lufthamn. Kapasiteten på mange av flyrutene er i dag sprengd og morgonavgangane til Oslo vert ofte tidleg fulltinga. Dette gjer at mange reisande vert avviste, eller må velja mindre gunstige reisetidspunkt. For næringsliv og offentleg verksemd er det svært viktig å betre flykapasiteten.

Stenginga av Sandane lufthamn i mars-august har gitt oss viktig erfaringsgrunnlag for samanhengen mellom rutetilbod og passasjertal. Avinor sitt talmateriale for januar-august i år viser ei samla prosentvis passasjerauke på 20% til Oslo og 21,5% frå Oslo samanlikna med same periode ifjor. Dette viser at betra rutetilbod gir auka passasjertal.

Talmateriale viser også at direkteruter og evt. små endringar i rutetidene kan gje store utslag i trafikken. I tida Sandane var stengt gjekk flyet frå Oslo som direkterute omlag ein time seinare (kl 1650). For januar-august i år gav dette auka trafikk med 58% samanlikna med same periode i ifjor.

Sogn regionråd meiner følgjande må leggjast til grunn ved utforming av anbodsgrunnlaget:

1. Tilliks med dei andre lufthamnene i fylket bør Sogndal lufthamn få eit nattstasjonert fly og dette bør framgå av anbodsgrunnlaget. Behovet for tal sete og lufthamna si beliggenheit tilseier eit nattstasjonert fly på Sogndal lufthamn. For å betra kapasiteten er det eit alternativ å oppretta Sogndal og Sandane som eit eige ruteområde, men dette føreset eit nattstasjonert fly på Sogndal lufthamn.
2. Tal avganger og rutetider til og frå Oslo er tilfredsstillande. Det er ikkje behov for endringar av rutetilbodet for morgon- og kveldsflyet.
3. Rutetilbodet til og frå Bergen for morgon- og kveldsflyet er tilfredsstillande. Vi ønskjer i tillegg ein flyavgang frå Bergen på ettermiddagen ca kl 17.

Med helsing

Torodd Urnes
leiar i Sogn regionråd
(sign)

Jarle Aarvoll
leiar i samferdslegruppa og ordførar Sogndal kommune
(sign)